


---

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

---



# Årsmelding 2013

## Innhold

	side
Fjellstyre .....	3
Medlemmer .....	3
Aktivitet .....	3
Fjelloppsyn .....	3
Tilsette .....	3
Aktivitet .....	3
Refusjon .....	3
Samarbeid – oppdrag .....	4
Arealet .....	4
Stølsbruk .....	5
Stølar, beite og tilleggsjord .....	5
Stølsforskrift og fjellov .....	5
Tomtefeste .....	6
Kommunale planer .....	6
Hyttefester .....	7
Bustadfester .....	7
Næringsfester m.m. ....	7
Festeinntekter .....	7
Fiske .....	7
Sal av fiskekort .....	7
Stampfiske/fiskeutsetting .....	8
Registreringar .....	8
Småviltjakt .....	12
Forvaltning .....	12
Smårvovilt .....	13
Jaktkortsalg småvilt .....	14
Elgjakt .....	16
Administrasjon .....	16
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen .....	16
Elgtrekk .....	17
Driftsplanarbeidet .....	17
ValHal .....	18
Hjortejakt .....	18
Rådyrjakt .....	18
Jaktprøver .....	18
Informasjon - tiltak for friluftsliv .....	18
Tilrettelegging for friluftslivet .....	18
Informasjon .....	19
Inatur - internettportal .....	19
Turkart .....	19
Rekruttering til friluftsliv .....	19
Motorisert ferdsel i utmark .....	19
Tilskot .....	20
Tilskot fra fjellstyret .....	20
Grunneigarfondet .....	20
Økonomi .....	20
Generelt .....	20
Resultat .....	20
Eigenkapital .....	21
Vedlegg .....	23
Resultatrekneskap .....	23
Balanse .....	25
Revisjonsmelding .....	26



# Årsmelding 2013

## Fjellstyre

### Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Ragnhild Sundheim
Styremedlem	Torill Trøen
Styremedlem	Åshild Reien
Styremedlem	Knut Kjøs Egge



Fjellstyret på befaring med Statskog

### Aktivitet

Fjellstyret har hatt 5 styremøte, behandla 36 saker og vore på 1 befaring. I tillegg deltok representantar på årsmøte for Fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for elg m.m.

Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for Fjellstyra i Oppland, FOSA og driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre. Fjellstyreleiaaren og tilsette har i tillegg delteke på ulike møter og befaringsar.

## Fjelloppsyn

### Tilsette


Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling

Fjelloppsyn II: Erle Frantzen i 60 % stilling

Deltidsoppsyn: Kenneth Monsen

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid og arbeid med tiltak for friluftsliv.



### Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver. Fjelloppsynet har kontorplass på kommunehuset.

### Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert 50% av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Fjellstyret fekk kr 309.987 (2012: 296.467) i refusjon frå staten. Dette tilsvasar omrent 30 % refusjon.



Fiskeoppsyn på Storfjorden

### Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige
- Sekretærarbeid for felleskortet ”Fisking i Valdres”
- Oppdrag for Vestre Slidre kommune, sti og kloppeprosjekt
- Oppdrag for Vestre Slidre kommune, vassprøvetaking

Inntektene ved utleige av tenester er kr 88.086 (2012: 54.765).

## Arealet




- Totalareal: 200.000 daa  
+1000 moh: 65.000 daa  
- 1000 moh: 135.000 daa
- Lågaste punkt: Vaset 796 moh
- Høgaste punkt: Gråkampen 1595 moh
- Vatn/vassdrag: 20.000 daa
- Lauvskog: 60.000 daa
- Grensar inn til kommunane:  
Vang, Hemsedal og Nord Aurdal
- Arealet utgjer 43 % av kommunen
- Ca. 300 stølar og 10.000 daa dyrka jord.  
Produktive områder som er intensivt brukt med kulturprega stølslandskap
- Ca. 600 hytter
- 2 felt for bustadar, 10 stk bustadar
- Utbyggingsområde på Vaset til satsing på turisme
- Stølsvegar i allmenning ca 135 km
- Statsallmenningen er godt tilrettelagt med rastplassar, informasjonstavler o.l.

## Stølsbruk

### Stølar, beite og tilleggsjord

Samla er det 293 stølar, inkl. 1 fellesstøl, og 84 fester for kulturbeteite/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca 10.000 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsallmenning er utan samanlikning det mest intakte og aktive statsallmenning for stølsdrift i landet. Det vist ut eitt areal til beite (10,5 daa) og ei mindre grensehustering på stølsutvising.

Talet på stølar med gardsbruk som driv mjølkeproduksjon i kommunen går sterkt nedover, jf. tabell under for kommunen samla. Dei aller fleste stølane i kommunen ligg i allmenningen. Av dei som driv mjølkeproduksjon er ca 85 % på stølen.



Dei fleste stølane i allmenningen som ikkje har mjølkeproduksjon er likevel i bruk til beite og førproduksjon.

### Stølsforskrift og fjellov

Statskog og fjellstyret har ulike tolkingar av stølsforskrift og fjellov. Etter fjellov og stølsforskrift skal fjellstyret forvalte bruksrettane i statsallmenningen. Statskog har i hovudsak berre uttalerett i saker som vedkjem aktivt stølsbruk. Etter fjellstyret sitt syn prøver Statskog likevel å avgrense bruksrettane knytt til stølsbruk, dette er særleg markert etter Statskog sitt lokalkontor på Fagernes vart lagt ned. Fjellstyret oppfattar Statskog sin praksis som forsøk på overstyring av fjellstyret og mistillit til fjellstyret sitt arbeid. Adm.dir. i Statskog har klargjort at Statskog ikkje skal drive med dobbel saksbehandling på ansvarsområdet til fjellstyret. Fjellstyret har registrert at dette likevel ikkje blir fylgt i saker Statskog skal gi uttale til. Dette er ein praksis fjellstyret ikkje aksepterar og vil ta dette opp med politisk nivå i landbruks- og matdempementet.

Det er spesielt i byggsaker at problemet har vorte synleggjort. Det har vore fleire unødvendige klagesaker over fjellstyrevetdak. Statskog har fremma klagesaker for å få avklara kor langt bruksretten går og kor langt fjellstyret si skjønnsvurdering skal kunne gå.

Dette er ikkje Statskog si rolle ut frå lovverket. Statens landbruksforvaltning (SLF) er klageorgan over fjellstyrevetdak i slike saker. SLF har stadfestat alle fjellstyrevetdaka som er påklaga, men først etter at ein omfattande saksbehandling. Dette er bortkasta ressursar både for stølsbrukarane, Statskog, SLF og fjellstyret.



Kyr ved M.Syndin

Stølar som ikkje har vore ”i bruk” fell i det fri etter 20 år, jf. § 22 i fjellova. Statskog og SLF har frå 2011 begynt å tolke dette svært restriktivt. Dette er alvorleg for stølsbruket i Vestre Slidre. Stølsbruk er meir enn mjølkeproduksjon og husdyrhald. Mykje av areala i fjellet blir halden i hevd ved førproduksjon. Etter prinsippvedtak i SLF i 2011 kan stølar berre haldast ”i bruk” når det blir drive husdyrhald på garden. Samstundes aksepterar ikkje Statskog at allmenningssretten følgjer bruket ved bortleige av garden, dvs at stølen ikkje er ”i bruk”. Resultatet av slik lovtolking kan på sikt føre til at mange stølar fell i det fri og areala må leggjast ut. Fjellstyret er etter lovverket pålagt å kontrollere om stølar er i bruk og ev. gjera vedtak om leggja dei i det fri. Resultatet blir mindre bruk av areala i fjellet, fleire stølar blir lagt i det fri, därlegare grunnlag for å landbruksdrift og fattigare kulturlandskap. Kartlegging av stølar som ikkje er i bruk er uaktuelt å gjera før det er klart definert når støl er i bruk etter fjellova.

SLF og Statskog sin praksis er ikkje i samsvar med nasjonale føringar for landbruket, seinast i stortingsmelding om landbruket frå 2011 og i SLF sin eigen rettleiar til kommunane, i rettleiarene er det tre hovudelement som er viktige; *ta vare på produksjonsareal, legge til rette for ulike former for landbruksdrift og landbrukskulturlandskap*. Siktemålet for endring av stølsforskrift i 2007/2009 var å stimulere til auka bruk av stølsområda ved m.a. å utvide stølsomgrepet. Fjellstyret meiner at Statskog og SLF sin tolkingar er ikkje i samsvar med fjellov og forskrift.

Statsallmenningane i Øystre og Vestre Slidre er dei statsallmenningar her i landet som har mest aktiv stølsdrift, stølskulturen er levande og er viktig for bygdene. Stølsdrifta var også eitt av hovudelementa for etablering av Valdre natur- og kulturpark. Bevaring av det spesielle støls- og kulturlandskapet er eit nasjonalt ansvar og det blir brukt store verdiar fra styresmaktene for å ta vare på dette. Staten v/SLF og Statskog skal ikkje motarbeide sentrale landbrukspolitiske mål. Det blir prioritert arbeidsfelt for fjellstyret å arbeide vidare med å sikre bruksrettane for landbruksnæringa.

Fjellstyret var i 2012 i møte i landbruks- og matdepartementet (LMD) for å drøfte utfordringar kring stølsbruket i statsallmenningen. LMD, med m.a. statssekretær Harald Buttedahl, og Norges fjellstyresamband (NFS) var på befaring i Vestre Slidre statsallmenning for å drøfte stølsproblematikk og sjå på konkrete saker. LMD har i 2013 stadfestat at fjellstyret si tolking er rett og statsråden sa at praksisen er ”helt forgældi”. Stølsforskrift skal med bakgrunn i dette endrast og utakst til endra forskrift har vore ute til høyring. I utkast til høyring var det presisert at det ikkje er krav om husdyrhald for at ein støl skal vera i bruk etter fjellova. Fjellstyret har etterlyst ein grundig gjennomgang av heile forskrifta, m.a. for å klargjera arbeidsfordeling mellom Statskog og fjellstyra.

## Tomtefeste

### Kommunale planer

Kommunen godkjente i 2011 reguleringsplan for Vaset alpinområde. Planen inneber ein fortetting av eksisterande hyttefelt med 37 nye tomter til fritidsbustadar, 20 daa til fritidsleilegheiter og eit kombinert felt på 11 daa. I planen er det justering av heistrase, samt nye trasear/nedfartar. Statskog arbeider med avklare kven som skal få rett til å bygge ut området.

Statskog la i 2010 fram utkast til nye reguleringsplanar for nytt sentrumsområde. Planen vart godkjent av kommunen i 2012.

Det er ikkje sett i verk utbygging i områda.



## Hyttefester

Samla er det 591 stk hyttefester, 92 naustfester og 1 garasje i allmenningen. Halvparten av hyttefesta ligg i hyttefelt og halvparten er gamle hyttefester som ligg spreidd på stølslaga.

## Bustadfester

Samla er det 12 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett ei nytt område til bustadbygging på Vaset i kommunedelplan, men området er ikkje teke i bruk.

## Næringsfester m.m.

I statsallmenningen er det 22 stk fester for reiseliv- og andre næringsbedrifter, 13 fester for idretts- og friluftsanlegg, 9 fester for renovasjon/kraft- og telenett, 13 fester for masseuttak og 18 diverse fester.

## Festeinntekter

Statskog gjorde i 2010 vedtak om at festeavgiftene på fritidsbustad skal regulerast etter konsumprisindeks. Dette skal skje sjølv om det er lovgrunnlag for å regulere etter marknadsverdi.

Som følgje av dette gjekk festeinntektene for fjellstyret ned med ca 30 %. Festeavgift for hytter og hotell blir delt 50/50 mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Festeavgifter gav fjellstyret ei inntekt på kr 854.135 (2012: 818.021).




## Fiske

### Sal av fiskekort

Det vart selt 1089 stk (2012: 1019) fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 235.947 (2012: 204.620). Til diverse fiskekulturarbeid har fjellstyret brukt kr 38.213 (2012: kr 124.851), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År
1	3	2	70	0	1	0	18	360	207	75	162	60	31	20	73
76				19				804				184			
95								992							
1089															



Fiskekort blir selt via SMS på mobiltelefon (41 %), på internett via [www.inatur.no](http://www.inatur.no) (ca 8 %), og på butikkar o.l. (51 %). Salg på internett har auka frå 2% til 8% det siste året.

### Stamfiske/fiskeutsetting

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter at FOSA har sikra større leveringsavtale, er det behov for meir rogn. Fjellstyret leverte 10.7 liter rogn til FOSA.

Fjellstyret har sett ut 1000 stk 2-årig settefiske i Sørre og Midtre Syndin. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre mindre vatna vart det sett ut 1-årig fisk og dette gjeld Svultjern (500stk), Grønsenn (800stk), Nestisvatn (600stk), Skardtjern (200stk), Langebergtjern (100stk), Kringletjern (100stk), Bjødnhøvdjtjern (100stk) og Lomtjern (100stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk, halvparten blir som eit forsøksprosjekt sett ut om vinteren.



Rogn etter stryking

### Registreringar

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdera kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna. Fjellstyret får inn fiskrapportar og skjellprøver for dei fleste vatn. Resultat frå analysering av skjellprøvene i 2013 er dessverre ikkje klare. Framover kjem vi til å analysere skjell kvart tredje år.

Samlestatistikk garn og oterfiske i Vestre Slidre statsallmenning 2013 (innanbygds):												
Vatn	Maskev.	Garn				Oter				Fisk pr time	Snitt fisk,kg	
		mm	Antall garn	Antall fisk	Antall kg	Fisk pr. garnnatt	Snitt fisk,kg	Antall timar	Antall fisk			
S.Syndin	35	69	37	20,50	0,536	0,554	5,0	8	1,80	1,60	0,225	
M.Syndin	35	100	46	33,95	0,460	0,738	2,5	0	0	0	0	
Storfjorden	35	474	367	177,84	0,774	0,484	33,5	61	26,63	1,82	0,436	
Rensenn	35	156	78	25,68	0,500	0,329						
Mosvatn	35	96	55	21,07	0,572	0,383	33,0	34	15,10	1,03	0,444	
Nestisvatn	35											
Grønsenn	35	83	79	37,90	0,951	0,479	28,0	44	22,08	1,571	0,501	
Matkista	35											
Svult	35											
Køltjednet	35											
Skruvletjedn	35											
Strøstjedn	35											
Kringeltjedn	35											
Sum		35	978	662	316,94	0,632	0,495	102	147	65,61	1,204	0,402

## Prøveordning med oterfiske for utanbygds



Vestre Slidre jeger- og fiskarlag søkte fjellstyret om å vurdere å endre fiskereglane for Rensenn slik at utanbygds også kan fiske med oter her. Bakgrunnen for søknaden var at vatnet begynnar å bli overbefolka og det resulterer i små fisk. Dette fører vidare til at færre fiskar her og tilstanden i vatnet blir endå verre. Rensenn er det einaste vatnet i allmenningen det er for mykje fisk, dei andre vatna er i balanse eller med tynn bestand med behov for fiskeutsetting. Fjellstyret vedtok å innføre prøveordning for tre år i samsvar med framleggget frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Ordninga gjelder for juli månad og det kan seljast 3 kort pr. døgn.

Oterfiske utanbygds i Rensenn				
Antall			Fisk pr.	Snitt
Timar	fisk	kg	time	fisk, kg
42	65	20,85	1,547	0,320

I 2013 vart det solgt 25 enkeltkort og 1 familiekort. Det vart levert 10 rapportar.

## Statusoversikt for fiskevatna

Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt:



Storfjorden frå Flydammen


## Samleoversikt for vatna i statsallmenningen:

	<b>Vatn 2013</b>	<b>Antal utsett aure</b>	<b>Status for auren</b>	<b>Snitt fisk/kg garn</b>	<b>% merka aure i fangsten</b>	<b>Aktuelle tiltak framover</b>
<b>1</b>	<b>Rensenn</b> 12 prøver	Naturleg rekryttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve. k-faktor opp mot 1.	0,329	0	Dårlig resultat av stamfiskeforsøk 2010. Uttaket av fisk bør aukast. Fylgje med på utviklinga av parasittar.
<b>2</b>	<b>Grønsenn</b> 6 prøver	600 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure.	0,479	0	Fylgje opp gytebekkane. Fylgje med på utviklinga av parasittar.
<b>3</b>	<b>Nestisvatn</b> 15 prøver	300 1-årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand.		0	Få inn fleire fiskeprøver. Fylgje med på utviklinga av parasittar. Sette ut meir fisk her da 14 av 15 fanga fisk var merka.
<b>4</b>	<b>Midtre Syndin</b> 11 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst. Litt tynn bestand men ein del stor aure.	0,738	46	Registrere yngel i bekkane.
<b>5</b>	<b>Sørre Syndin</b> 24 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure. Høg k-faktor.	0,554	62,5	Fylgje med på rekrytteringa.
<b>6</b>	<b>Storfjorden</b> 60 prøver	10 000 2-årig	God vekst. Høg k-faktor. Prøvefiske utført av FMO i 2009. God naturleg rekryttering.	0,484	32	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane.
<b>7</b>	<b>Mosvatn</b> 16 prøver	Naturleg rekryttering	God vekst. K-faktor rundt 1.	0,383	11	Ta fleire prøver og fylgje med på parasittar.
<b>8</b>	<b>Matkista og Halvorstølstj</b> 0 prøver	Naturleg rekryttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om ein del stor abbor.			Få inn prøver. Ikkje fiske hardt på abbor i Matkista.
<b>9</b>	<b>Strøstjern</b> 0 prøver	100 2-årig	Tett abborbestand gjev auren harde vilkår, middels vekst			Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
<b>10</b>	<b>Svult</b> 0 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren. God bestand.			Stabilisere bestand. Tiltak i gytebekk.
<b>11</b>	<b>Skardstjern</b> 0 prøver	50 1-årig	Tynn bestand eit par år, bestanden er i ferd med å ta seg opp.			Ørekystefangst. Få inn prøver frå aure.
<b>12</b>	<b>Skruvletjern</b> 0 prøver	Naturleg rekryttering	Middels god vekst, god bestand.			Få inn fleire prøver frå aure.
<b>13</b>	<b>Kringeltjern</b> 0 prøver	100 1-årig	Mykje ørekyste som har kome dei siste åra.			Halde vatnet reint for ørekyste.
<b>14</b>	<b>Bjødnhøvdtj</b> 0 prøver	100 1-årig	I 2005 er dei eldste fiskane 5 år. Det er på tide å ta dei opp.			Halde vatnet reint for ørekyste. Få inn fiskeprøver.
<b>15</b>	<b>Langebergtj.</b> 0 prøver	100 1-årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik.			Få inn fiskeprøver.
<b>16</b>	<b>Lomtjern</b> 2 prøver	100 1-årig	Fiskerapportar tydar på tynn bestand.			Få inn prøver frå aure. Betre gytetilhøva.

## Kart over fiskevatn i tabell på side 10

1	Rensenn
2	Grønsenn
3	Nestisvatn
4	Midtre Syndin
5	Sørre Syndin
6	Storfjorden
7	Mosvatn
8	Matkista og Halvorstølstj

9	Strøstjern
10	Svult
11	Skardstjern
12	Skruvletjern
13	Kringeltjern
14	Bjødnhovdtj
15	Langebergtj
16	Lomtjern



# Småviltjakt

## Forvaltning

### Fugl:

Fjellstyret er bevisste på at jakt i stor grad kjem i tillegg til naturleg tap i småviltbestandane. Med bakgrunn i dette er det viktig med ei langsiktig forvaltning. Kunnskap om ressursane er basis for jaktreglane. Fjellstyret vedtok å frede rypa, både li- og fjellrype, i 2013 pga av svak bestand. Jaktpresset er tidlegare redusert gjennom færre kort, dagskvote og redusert jakttid. For å gi jegerane eit tilbod, vart det lagt til rette for jakt på anna type vilt og trening med fuglehund, m.a. jakt på smårovvilt.



### Taksering:

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden(avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann saman med ståande fuglehund, går forhandsbestemte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter blir registrert og andre detaljer blir også journalført. Alle registreringar blir lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstorleik og kjuklingproduksjon. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen står for den praktiske gjennomføringa i felt, etter opplegg av, og i samarbeid med fjelloppsynet.

Vi har vore ein del av Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011. Oppsummering av prosjektet kom i 2013 i boka "Rypeforvaltning, Rypeforvaltningsprosjektet 2006 – 2011 og veien videre" av Hans Chr. Pedersen og Torstein Storaas (red).

### Takseringsresultat:

År	Ant. linjer	Ant. meter	Ant. obs.	Ant. ryper	Ryper/obs	Ryper/km <sup>2</sup> 90% sikkerheit	Ant kylling/høne
2009	22	68 650	31	96	3,1	7(4-13)	1,8
2010	19	64 265	18	81	4,5	8(5-14)	3,6
2011	23	74 663	26	92	3,5	5(4-7)	1,9
2012	22	71 755	21	56	2,6	3(2-5)	2,5
2013	22	76 883	18	95	5,2	6(4-11)	4,4

Tettheit gjelder alle artar, produksjon gjelder berre rype.

For å hald ein konstant vaksenbestand må vi ha 2,5 kjuklingar pr rypepar i august. Dette omtalast som ei nedre grense for jaktbart overskot. Fleire kjuklingar vil gje ein aukande bestand, færre minkande bestand. Takseringa gjer eit godt grunnlag for vidare småviltforvaltning og ein får ein peikepinn på kva tiltak som må settast i verk for å hindre for stor avskyting.



Produksjonen må være over 2,5 kylling per høne for at vi skal ha eit jaktbart overskot. Ein må vurdere antall ryper som er observert per km<sup>2</sup>. Ut frå dette kan ein beregne ca størrelse på den totale bestanden vi har i Vestre Slidre statsallmenning. Det er ikkje vist at det gjer nokon forskjell neste haust om man fredar eller har ei forsiktig jakt(<15 %). At det ikkje er vist forskellar, kan ha samanheng med økologiske forhold som at unge omflakkande rovfuglar kan bli tiltrekt til freda områder – og så dør mange som kunne blitt skutt, likevel. Ved

bestandar på for eksempel 5 ryper per km<sup>2</sup> blir 15 % uttak mindre enn 1 rype per km<sup>2</sup>. Her nærmar vi oss ei følelsesmessig grense, og det er lite tilfredsstillande for jegeren å felle ryper som burde fått leve til neste vår! Opnast det for jakt er det viktig å avgrense jaktuttaket slik at jakta ikkje reduserar neste års bestand.

På bakgrunn av kunnskap om korleis rypene spreier seg så tilrår *Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011* å undersøke jakttrykket i heile fjellområdet/naboterrenget. Ein bør kunne forvalte ein stor andel av eigne gamle ryper og ungsteggar på eit terrenge på 30-50 km<sup>2</sup>. For at halvparten av unghønene som er født i området skal slå seg ned der må ein opp i et terrenge på 300-400 km<sup>2</sup>. Dette betyr at Vestre Slidre statsallmenning i stor grad er avhengig av kva som skjer utanfor terrengets grenser.

## Smårvilt

### Felles jaktkort for smårvilt i Vestre Slidre kommune og delar av Nord Aurdal


I samband med at fjellstyret freda rypa i 2012, forslo jeger- og fiskarlaget at det var oppretta ei gruppe som skulle sjå nærrare på jakt på smårvodyr. Gruppa var samansett av 3 frå jeger- og fiskarlaget og 2 frå fjellstyret.

Gruppa foreslo at det blir oppretta eit felles jaktkort for smårvodyr i Vestre Slidre, men såg gjerne at dette vart utvida til å gå ut over kommunegrensa. Fleire av smårvodyra beveger seg mellom bygd og fjell, og større jaktområde vil gi meir effektiv jakt. Det vil derfor være en stor fordel om jegerane kan jakte over heile kommunen. Eit auka uttak av smårvodyr kan gi eit positivt utslag for småviltbestanden, samstundes som det er ei utfordrande og interessant jakt i seg sjølv.

Rovdyrgruppa står for det praktiske arbeidet med å skrive ut jaktkort, jaktkortet blir i tillegg selt på [www.inatur.no](http://www.inatur.no). Jaktkortet gjeld på følgjande artar: raudrev, grevling, mår, mink, røyskatt, mårhund, kråke, ravn, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak. Jakta blir avgrensa til generell jakttid på kvar enkelt art. Jaktkarta skal vera gratis for jegeren. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har premiering av den som feller mest smårvilt.

Felles jaktkort har vore i drift frå 15.7.13 og følgjande med i feleskortet:

- Vestre Slidre statsallmenning
- Veståsen grunneigarlag
- Slidreåsen grunneigarlag
- Austre Røn grunneigarlag
- Ulnes sameige



Kart over felles jaktområde smårvilt

Frå 2014 har Vestre Lomen utmarkslag og Færden/Fosheim seter også blitt med i ordninga. Det er ynskjeleg at fleire grunneigarlag blir med i ordninga og det langsiktige målet er å få til eit felles jaktkort for smårvilt for heile Valdres.

**Det er rapportert om 67 jaktdagar og det er felt 21 rev, 49 kråker(skjærer, ringdue osv), 3 grevling og 1 mår.**

## Jaktkortsalg småvilt

Jaktkortsalalet gav ei inntekt på kr 122.643 (2012: kr 99.355). Nedgang i inntektene for småviltjakt dei siste to åra kjem av at det er innført sterke restriksjonar på jakta pga av lite fugl, m.a. vart all rypejakt stoppa. Fjellstyret har dei siste åra redusert jakta i fleire etappar og inntektene er no berre 25 % av inntekta i 2007.

Kortsalget fordelar seg slik:

Kort for		Jakttid	Stk. kort	Stk. kort	Stk. kort	Stk. kort		
UB * <sup>1</sup>	orrfugljakt u/hund	15.09-19.09	9	16	111	165		
		20.09-24.09	3					
		15.09-14.12	1					
		20.09-14.12	3					
	orrfugljakt m/hund og treningskort	15.09-19.09	13	39				
		20.09-24.09	26					
	harejakt m/hund	05.10-11.10	9	56				
		05.10-14.10	5					
		05.10-14.12	16					
		15.10-14.12	26					
IB * <sup>1</sup>	småviltjakt u/hund	15.09-14.12	8	18	18			
	småviltjakt m/hund	15.09-14.12	10					
UB / IB * <sup>1</sup> * <sup>2</sup>	smårovvvilt	01.01-31.12	16	39	36			
	and/ringdue	21.08-14.09	0					
	treningskort	15.09-31.03	23					

\*<sup>1</sup> UB: = utanbygdsbuande og IB:= innanbygdsbuande    \*<sup>2</sup> Jakt på smårovvvilt gått inn i felleskort etter 15.7

## Jaktstatistikk

Ut frå rapportane har ein berekna total felling til 8 orrfugl, 19 harar og 1 kråke. Felling mellom innanbygdsbuande, fritt og regulert kortsalt for utanbygdsbuande fordelar seg slik:

### Innanbygdsbuande 2013:

- 47 jaktdagar.
- 10 rapportar frå jakt på orrfugl og treningskort for hund.
- Ikkje rapportert om felt vilt.


### Utanbygdsbuande 2013 (regulert periode):



- 180 jaktdagar.
- 91 rapportar.
- 8 orrfugl, 15 hare og 1 kråke er felt.

### Utanbygdsbuande 2013(fritt kortsalg kun for harejakt):

- 37 jaktdagar.
- 13 rapportar.
- 4 harar felt.

Felt vilt:	Rype	Orrfugl	Hare
2008	501	63	20
2009	250	49	16
2010	215	33	32
2011	36	10	28
2012	0	8	18
2013	0	8	19








### Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten redusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.

### Statistikk, harejakt:





## Elgjakt



### Administrasjon

Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer via internett på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktsarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret. Allmenningen er delt i 5 jaktfelt og blir leig ut på 4-års kontraktar. Elgjakta gav ei inntekt på kr 147.556 (2012: kr 188.624). Til fratrekk frå inntekt kjem fellingsavgifter og administrasjonsavgift til NFS.

### Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skote 17 elg i allmenningen, 5 kalv, 4 ungdyr, 7 kyr og 1 ukse. Grunnkvota var på 15 dyr (2012: 28 dyr). Det er ein klart redusert bestand i vestfjellet og grunnkvota vart derfor redusert.





## Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terrenget, samstundes gjer dette elgjegerane eit godt tilbod for framkjøring av elg. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr (2012: kr 600).



## Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlag i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom arbeidet med driftsplan har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterkt vekst før ein starta med driftsplanarbeidet og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga har vore meir stabil etter dette. Taksering av elgebeit i 2005 syntet at vinterbeitene i kommunen var hardt belasta og det var nødvendig å redusere bestanden meir. Tilbakemeldingane frå elgjegerane er klare på at bestanden no er kraftig redusert. Elgjegerane i allmenningen har

spesielt det siste året hatt vanskar med å felle tildelt kvote. Skjema ”sett elg” viser at stamma er redusert og fjellstyret er innstilt på at avskytinga må reduserast.

Tildelt totalkvote for heile kommunen var 135 dyr, med ei grunnkvote på 112 dyr. Totalt vart det felt 88 elg og 27 hjort.

### **ValHal**

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i ValHal. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

### **Elgmerkeprosjekt i ValHal-elgregion og øvre Hallingdal**

Finansieringa av prosjektet er på plass og merkeprosjektet er ein realitet! På denne måten ser ein korleis elgen rører seg i dei forskjellige områda og kvar han høyrer til. Det er nemleg eit av punkta som er viktige i forvaltninga, kva kommune høyrer elgen til? Målet er å registrere rørsle kvar tredje time og kartlegge korleis elgen bevegar seg gjennom heile året. Sendarane har ein batterikapasitet på to år. Merking av 32 elg vil starte i februar 2014.

### **Hjortejakt**

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

### **Rådyrjakt**

Kortsælet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 4 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortsælet gav ei inntekt på kr 800 (2012: kr 800).

### **Jaktprøver**

Det vart arrangert 1 jakthundtrenings i 2013 og dette gav ei inntekt på kr 1.330 (2012: kr 630).

### **Informasjon - tiltak for friluftsliv**

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

#### **Tilrettelegging for friluftslivet**

På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret brukt kr 28.315 (2012: kr 132.212). Størstedelen av utgiftene er arbeid ved Haugvørpe.

#### Oversikt over tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 12 stk

Skilt: 85 stk

Rastebord: 29 stk

Doar: 12 stk

Parkeringsplassar: 11 stk

Open bu: 1 stk

Gapahuk: 1 stk

Båt til fri bruk: 1 stk



*Utedo ved Buaråne*

## Informasjon

Fjellstyret har internetsider ([www.vestre-slidre-fjellstyre.no](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no)) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

## Inatur - internettportalen

Internettportalen [www.inatur.no](http://www.inatur.no) er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstypesamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart. Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.



## Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr (2012: 14.603).

## Rekruttering til friluftsliv



Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om tiltaket ”Turmål” ved praktisk arbeid og dekning av kostnader. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp.

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare med mellom anna isfiskedag i mars for 5. klassane og fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane. Saman med jeger- og fiskarlaget er det arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement. Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir fiskekort og jaktkort for ungdom tom 20 år.

## Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierar over tid og hovudinntrykket er no at det er mindre ulovleg kjøring i statsallmenningen. Erfaring syner likevel at ein del miljø er tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.

Etter tiltak frå regionalt oppsynsutval har fjellstyret har vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for snøskuterkontroll over kommunegrensene i samarbeid mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Det er ikkje gjennomført fellesaksjon siste år.

Kommunen har søkt og fått godkjent deltaking i prøveordning for rekreasjonskjøring med snøskuter. Fjellstyret har ikkje godkjent at slik løype blir lagt i allmenningen og kommunestyret presiserte i søknaden at løype ikkje skal leggjast til allmenningen.

## Tilskot

### Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr 168.921 i tilskot (2012: kr 170.131).

Tilskot er fordelt slik:

Straum/aggregat	50.000
Stølspost	11.750
V.Slidre jeger og fiskarlag	6.671
Idrettslaget, lager på Vaset	100.000
Slidre/Røn fotballklubb	500
Sum tilskot	168.921

\*Det er tilbakeført kr 10.000 for ubrukt tilskot i sak 4/08.



Idrettslaget sitt lager på Vaset

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret innført tilskot til framføring av straum og innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbrukarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot, avgrensa til kr 50.000. Denne tilskotsordninga vil til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte.

## Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Statskog administrerer bruken av fondet.

Med bakgrunn i Statskog sitt vedtak om reversering av festeavgift og tilbakebetaling av tidlegare innkravd festeavgift, er økonomien i fondet dårleg. Statskog har opplyst at det vil gå fleire år før det kan gjevast tilskot frå fondet. Etter fjellstyret sitt syn er dette ikkje i samsvar med fjellova og det må til ei vesentleg endring i administrasjonen av fondet. Fjellstyret har vore representert i utval som har sett på statsallmenningsøkonomien, der hovudvekt var lagt vekt på bruk av grunneigarfondet. Utvalet var samde om at økonomien i statsallmenningane bør styrkast. Det er tilrådd auka løyving til refusjon for oppsyn og at Statskog sine oppgåver som myndigkeit i statsallmenning igjen bør finansierast over statsbudsjettet. Ein er også einige om at det bør innførast ei fordeling mellom Grunneigarfondet og fjellkassene av alle grunneigarinntekter i statsallmenningane, ikkje berre festeinntekter frå hytter og hotell. På dette området er partane framleis i prosess og ein har så langt ikkje kome fram til ein felles modell. Statskog og Noregs fjellstyrssamband har i felles brev til Landbruks- og matdepartementet (LMD) tilrådd tiltak for å styrke statsallmenningsøkonomien. LMD har så langt ikkje trekt konklusjonar i saka. Norges fjellstyrssamband følgjer opp denne saka med departementet.

## Økonomi

### Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

## Resultat


Rekneskapet syner inntekt på kr 2.138.846 (2012: kr 1.814.438) og utgift på kr 1.863.737

(2012: kr 2.149.835). Dette gir eit overskot på kr 275.109 (2012: underskot kr 335.397). Resultatet er betre enn for eit normalt år og dette kjem at ein særskilt inntektspost på ca kr 200.000 for reinbeiting. Inntekta har dei siste åra gått markert ned og vanleg drift vil normal gå i omrent balanse. Spesielt nedgang i inntekter fra elgjakt og småviltjakt er store. Inntektene frå småvilt- og elgjakta har dei siste åra gått ned med ca kr 400.000 og festeinntektene har gått ned med ca kr 300.000.

Festeinntekter blir i framtida regulert i samsvar med KPI (konsumprisindeks) og prisrammer på jakt og fiske blir også regulert etter KPI. Refusjon til oppsyn frå staten har i beste fall vore regulert etter KPI. Vi kan ikkje vente at inntektene går opp vesentleg dei første åra. Dette gjer at inntektsgrunnlaget til fjellstyret i realiteten på sikt blir gradvis redusert. Fjellstyret har ikkje så store muligheter til å auke inntektsgrunnlaget på andre måtar. Om det blir meir utbygging på Vaset, ved fortetting i Vaset alpinområde og ved eventuelle nye etableringar i sentrumsområdet, kan dette betre den økonomiske situasjonen på sikt.

Ein stor del av fjellstyret sine utgifter er lønnskostnader og lønnsutvikling er større enn KPI, spesielt utgifter til pensjon har auka betydeleg.

Fjellstyret har derfor ikkje lengre same økonomiske handlingsrom som før. Det betyr at det ikkje er mulig å gi tilskot eller til å setja i gang friluftslivtiltak i noko særleg omfang. Det er likevel viktig at ein sørger for å investere i fiskekulturarbeid slik at fisket også i framtida kan vera til glede for besökande og samstundes kan gi inntekter. Det er også viktig å forvalte jaktressursane på ein slik måte at det kan vera ein ressurs for framtida. Fjellstyret arbeider dessutan kontinuerleg med å sjå på andre driftsutgifter.




Det spesielt store overskotet i 2007/2008 er pga av innløysing av fester. Beløpet er avsett i eit fond, der rentene skal kunne brukast til drift.

## Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 4.375.555 (2012: kr 4.100.447) inkludert anleggmidlar på kr 277.922 (2012: kr 312.356) og festefond kr 1.058.134. Disponibel eigenkapital er kr 3.039.499 (2012: kr 2.729.957).

Eigenkapitalen var nokre år så låg at vi måtte låne for å drive gjennom året, men fjellstyret har dei siste 10 åra bygd opp eigenkapitalen til eit akseptabelt nivå. Ikkje all eigekapital er

disponibel då ein stor del av eigekapitalen er bunden opp i festefond og bygningar. Disponibel eigekapital bør ikkje gå under normal omsetning for året.



Slidre den 2.4.2013

Kjell Strand  
fjellstyreleiar

Ragnhild Sundheim  
nestleiar

Knut Kjøs Egge  
styremedlem

Torill Trøen  
styremedlem

Åshild Reien  
styremedlem

Harald Ranum  
dagleg leiar

**Vedlegg:** Resultatrekneskap  
Balanse  
Revisjonsmelding

## Resultatrekneskap

**Resultat**  
for  
**VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE**

Kontonavn	År 2013	År 2012
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		
Rognsalg	24718	29 568
Kartsalg avg. pliktig	18840	14 603
Elgtrekk uteleie	300	600
Oppdrag utelige avg.pl	88086	54 765
Varesalg /uttak av varer	4000	2 057
Rådyrkort mva.fri	800	800
Elgiakt Grunnavgift avg.fri frå 2007	147556	188 624
Fiskekort utanbygd	196093	160 345
Fiskekort innanbygd	39855	44 275
Jaktkort smårvovilt	633	
Jaktkort utanb. regulert	91200	80 855
Jaktkort utanb. uregulert	20350	7 710
Jaktkort innanbygd	10460	10 790
Jaktpøve	1330	630
Vassdragreg. & premierung Bægav.	9054	9 054
Tilskott	30000	0
Refusjon oppsynutg. stat	309987	296 467
Festeavgift	854135	818 021
Leieinntekt beite	6505	
Beitebot	197392	
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>	<b>2051294</b>	<b>1 719 163</b>
<b>Varekostnad</b>		
Kart kostnader		9 270
Kjøp for videresalg		2 057
Lagerending kart	-4753	-5 812
<b>Varekostnad</b>	<b>4753</b>	<b>5 515</b>
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>2046541</b>	<b>1 713 648</b>
<b>Lønnskostnad</b>		
Lønn fjellopsyn fast	710527	674 738
Div tillegg fjellopsyn	59352	70 551
Lønn midlertidig tilsette	20239	26 098
Lønn fjellstyremedlemmer	28399	38 984
Feriepenger	95148	92 710
Fri telefon	11887	2 718
Pensjon klp fri	125193	181 364
Pensjon klp motkonto	-125193	-181 364
Fri forsikring	330	318
Motkonto fri telefon	-11887	-2 718
Motkonto fri forsikring	-330	-318
Møtegodtgj. Fjellstyre	60186	73 564
Arbeidsgiveravgift	65498	68 369
Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	6090	5 933
Aga.pl. pensjonskost	125193	181 364
Kantimekostnad	0	219
Yrkesskadeforsikring	1931	2 319
<b>Lønnskostnad</b>	<b>1172563</b>	<b>1 234 850</b>


<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>		
Avskriv. bygning/fast eie	12400	12 400
Avskr. maskiner og inventar		0
Bensin/diesel	2691	
Leie lokale	41696	41 696
Reinhald lokale	15444	14 400
Lys/varme lokaler	16071	14 310
Uttstyr/mater.kjøp/rep	861	2 712
Telefon/datautstyr mm	9960	3 125
Arbeidsklatr og arbeidsutstyr	0	7 248
Fiskekulturarbeid & stamfiske	38213	124 851
Jakt & fiskestatistikk	9583	16 893
Friluftsmidler	52789	132 212
Sno-scooter/elgtrekk	281	359
Diverse utgifter	9010	1 043
Revisjonshonorar	9581	5 312
Regnskapshonorar	29981	51 822
Honorar for juridisk bistad	0	0
Kontorrekvisita	11683	9 749
Trykksaker	2406	
Aviser, tidskrifter, bøker o.l	1073	1 828
Møte, kurs, oppdatering o.l	20065	51 980
Telefon fast V.S. Fjellstyre		0
Mobil 952 88 222 (ludo/talkmore)		50
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	3743	2 140
Erle Frantzen 977 85 915	2888	2 578
Datakommunikasjon	4000	
Porto	2902	8 873
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>	<b>297321</b>	<b>505 581</b>
<b>Annen driftskostnad</b>		
Bil & km godtj. oppg.pli	57789	63 670
Diett/reise utgifter	1132	1 381
Diett statens satser	0	1 255
Provisjon kortsalg	28388	25 294
Annonser	5815	2 255
Internett, domene mm	7735	14 256
Kontingent, fradragsberettiget	80260	93 905
Tilskott	100000	100 000
Tilskott stølsveg	0	0
Tilskott aggregat/straum på stol	50000	41 700
Tilskott almenn.formål	8921	28 431
Gaver	6262	1 500
Forsikringspremie	6655	11 443
Styre & bedr.forsaml.møte	6004	4 878
Øredifferanser v/avstemming	-2	0
Bank- og kortgebyr	634	690
Purregebyr kunder/leverandør	186	529
Innkrevjingskostnader	1398	
Administrasjonsavgift jakt mm	12648	12 702
Tap på fordringer	15275	0
<b>Annen driftskostnad</b>	<b>389100</b>	<b>403 889</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>212028</b>	<b>-430 673</b>
Renteinntekt bank	84891	91 818
Renteinntekt FOSA	2661	3 458
Renteinntekt kunder		0
Rentekostnad leverandører		0
<b>Netto finansposter</b>	<b>87552</b>	<b>95 276</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>299580</b>	<b>-335 397</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>299580</b>	<b>-335 397</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-335 397</b>

**Balanse**

**Balanse**  
for  
**VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE**

Kontonavn	År 2013	år 2012
<b>EIENDELER</b>		
Lager vaset	110000	120 000
Naust til stamfiske	45200	47 600
Snøscooter Polaris 800 Svitcb.	1	1
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
KLP egenandelinnskudd	31345	26 040
Langs. fordr. FOSA as	1	1
Langs. lån til FOSA as	91373	118 712
<b>Anleggsmidler</b>	<b>277922</b>	<b>312 356</b>
 Lager kart	3562	8 315
Kundefordringer	96818	99 604
Negativ lønn		2 590
Øpptj. Oppsyn & jaktkort		0
Andre kostsiktige fordringer		0
Påløpt renteinntekt	228	701
Forskuddsbetalt forsikring		0
2153.07.04561 driftskonto	1386451	947 107
2153.60.04669 kapitalkont	2885086	3 000 694
2153.07.08567 oppdragskto	11584	12 646
2153.52.26269 jaktkort	85062	3 849
2153.69.00125 skattetrekk	30872	94 484
<b>Omløpsmidler</b>	<b>4499663</b>	<b>4 169 989</b>
 Eiendeler	<b>4777585</b>	<b>4 482 345</b>
 <b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
Annen egenkapital	-3317422	-3 042 313
Fond for innløste festetomter/avgifter	-1058134	-1 058 134
<b>Oppkjent egenkapital</b>	<b>-4375556</b>	<b>-4 100 447</b>
 <b>Egenkapital</b>	<b>-4375556</b>	<b>-4 100 447</b>
 Leverandørgjeld	-2182	-17 799
Forskuddstrek	-80377	-94 484
Fagforeningskontingent		0
Oppgjørskonto merverdiavgift	-31831	-20 238
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-25211	-32 443
Påløpt arbeidsgiveravgift	-6081	-5 890
Skyldig lønn	-134484	0
Utlegg tilsette	-23872	-5 556
Skyldige feriepenger	-95017	-92 027
Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	-2974	-3 461
Avsetning tilskott veg		0
Avsetning andre tilskott		-110 000
Annen kortsiktig gjeld		0
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>-402029</b>	<b>-381 898</b>
 <b>Gjeld</b>	<b>-402029</b>	<b>-381 898</b>
 <b>Egenkapital og gjeld</b>	<b>-4777585</b>	<b>-4 482 345</b>

## Revisjonsmelding



# Kommunerevisjon IKS

VALDRES  
skjerper sansane

Valdres - Hallingdal



Til  
Vestre Slidre fjellstyre

## REVISJONSBERETNING 2013

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre fjellstyre, som består av balanse per 31. desember 2013, resultatregnskap som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 275.109, for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### Fjellstyrets ansvar for årsregnskapet

Fjellstyret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med fjelloven med forskrifter, Statskogs rundskriv 1/2003 og bokføringslovens regler innen mva-pliktige områder, og for slik intern kontroll som fjellstyret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for fjellstyrets utarbeidelse av årsregnskapet. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fjellstyrets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

# Kommunerevisjon IKS

*Valdres - Hallingdal*

## *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for den finansielle stillingen til Vestre Slidre fjellstyre per 31. desember 2013, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoens i samsvar med fjelloven med forskrift.

## **Uttalelser om øvrige forhold**

### *Konklusjon om attestasjonsoppgaver etter Statsskogs rundskriv 1/2003*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at

- fjellstyrets tilskudd til allmennytige formål er i henhold til gjeldende bestemmelser
- ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av fjellstyret regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Fagernes 01.04.2014

  
Age Sandsgen  
Revisjonssjef/ reg.revisor  
oppdragsansvarlig revisor



Baklie



Flyin



## Vestre Slidre fjellstyre

Postadresse: Slidrevegen 20, 2966 Slidre

Telefon kontor: 61345088/61345089

Telefon mobil: 95704838/97785915

E-post: [vestre.slidre@fjellstyra.no](mailto:vestre.slidre@fjellstyra.no)

Internett: <http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no/>



Bukono